



# Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy

Telenor

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 16/2217 - 17/106

Saksbehandlar:  
Andreas Granli  
Andreas.Granli@radoy.kommune.no

Dato:  
06.01.2017

## Landbrukssak - Søknad om utlegg av innsjøkabler i Hallandsvatnet - vurdering naturmangfald

### Bakgrunn

Telenor planlegg nedlegging av nye innsjøkabler, i eksisterande trasé, i Hallandsvatnet. Kablane er ein del av telenors arbeid med å bygge nytt fibernett i Radøy kommune. Beståande infrastruktur er tenkt nytta ved ilandføring av kablane. Etter henvendelse frå telenor, angåande nedlegging av kabel, har landbrukskontoret i Radøy kommune gjort ein vurdering av virkninga av instalasjonen på naturmangfaldet i og ved Hallandsvatnet. Vurderinga tar utgangspunkt i omsøkt aktivitet.

Telenor har i si beskriving av arbeidet lagt til grunn at kabelen skal spylast ned i sedimenta fram til vatnet er djupt nok til at kabelen kan ligge på botn. Etter kvart vil kabelen synke ned i sedimenta samt at ny sedimentering av botnstoff bidreg til å grave den ned.

### Vurdering

Prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av anlegget. Det er særleg vektlagt berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no).

På nordsida av den planlagde linja er det registrert naturtypen naturbeitemark. Denne er satt til verdi viktig grunna funn av ein raudlisteart samt at lite gjødsla beitemark er sjeldan i kommunen. Denne lokaliteta vil ikkje bli berørt av det planlagde tiltaket. Naturtypen roligflytende elveløp er registrert i storelva. Denne naturtypen er registrert som lokalt viktig, inngrepet vil ikkje påvirke naturtypen.

Det er observert oter (*Lutra lutra*) sør i vatnet. I tillegg er det registrert ål (*Anguilla anguilla*). Oter og ål nyttar truleg heile vatnet som sitt leveområde, sjølv om det ikkje er gjort observasjonar i dette området. Honningvokssopp er registrert på nord-aust sida av vatnet, men ikkje i nerleik til planlagte landinstalasjonar. Elles er det kjent at det i sørenden av vatnet er ein viktig biotop for froskeyngel.

Hallandsvatnet har låg vasskvalitet, som følgje av avrenning frå menneskleg aktivitet i nedslagsfelta. Nedlegging av den planlagde linja i vatnet vil føre til ein del opprotning av humus frå sedimenta frå botn i vatnet. Mengda humus sett i forhold til størrelsen på vatnet er liten og vil ikkje ha varig effekt på vatnet . Det planlagde inngrepet er av mindre karakter og vil føre til få eller ingen endringar i forholda på botn av Hallandsvatnet. Telenors inngrep i vatnet, slik det er førespegla, er minimalt og vil ikkje svekke vasskvaliteta ytterligare. Såframt det ikkje gjerast inngrep i dei registrerte naturtypane vil ikkje den nye kabelen komme i konflikt med naturmangfaldet i Hallandsvatnet.

### **Konklusjon**

Størrelsen på vatnet gjer at dyrelivet kan tilpasse sin arealbruk i anleggsfasen og dei vert såleis ikkje fortrennd frå sine leveområde. Nedleggingen av linja og måten dette er tenkt gjort ikkje vil ha negativ effekt på naturmangfaldet i eller ved vatnet.

Med helsing

Andreas Granli  
rådgjevar landbruk

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Telenor